



Dei vidaregåande skulane,  
Kommunane i Hordaland  
Opplæringskontora  
Elevorganisasjonen  
Lærerorganisasjonane  
LO  
NHO

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
10. 07. 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

Dato: 16.06.2014  
Vår ref.: 2014/17732-1  
Saksbehandlar: birhau  
Dykkar ref.: «REF»

## Høyringsbrev om lokal inntaks og formidlingsforskrift

Vedlagt er utkast til lokal inntaks- og formidlingsforskrift med merknader for Hordaland fylkeskommune.

Lokal inntaks- og formidlingsforskrift er heimla i forskrift til opplæringslova § 6-2 og § 6A-2, kor det vert stilt krav om at fylkeskommunane skal utarbeide eigen forskrift. Vedlagde utkast til forskrift er eit resultat av eit samarbeid mellom dei fem fylkeskommunane i utdanningsregion Sør-Vest, med justeringar tilpassa Hordaland fylkeskommune sine politiske føringar.

Høyringsfrist er onsdag 21. august 2014.

Vi ber om innspel til det vedlagde utkastet, med vekt på positive og negative konsekvensar høyringsinstansane meiner det vil få for søkjarane til vidaregåande opplæring.

Høyringsuttalene følgjer saka til møte i opplærings- og helseutvalet 16 og 17 september, fylkesutvalet 24 og 25 september og fylkestinget 14 og 15 oktober.

Vi ber om at høyringssvar vert sendt til: [Postmottak.Opplæring@hfk.no](mailto:Postmottak.Opplæring@hfk.no) eller skriftleg til Hordaland fylkeskommune, Opplæringsavdelinga, postboks 7900, 5020 Bergen.

Svein Leidulf Heggheim  
opplæringsdirektør

Birthe Andersen Haugen  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

*Vedlegg: Høyringsutkast*

## **Lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Hordaland fylkeskommune**

Hjemmel: Fastsett av fylkestinget i Hordaland xx.xx.2014 med heimel i forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724 § 6 – 2 og § 6A – 2.

I kraft: xx.xx.2014

### **I. Inntak**

#### **§ 1 Virkeområde**

Denne forskrifta gjeld alt inntak til offentlege vidaregåande skular, samt formidling av lærlingar og lærekandidatar i Hordaland fylkeskommune.

#### **§ 2 Regionalt / karakterbestemt inntak**

I Hordaland fylkeskommune er det kapasitetsstyrt fritt skuleval. Dette inneber at ein søkjar står fritt til å søkje seg inn på skular i heile Hordaland uavhengig av bustad.

Fylkesrådmannen kan kjøpe skuleplassar i andre fylkeskommunar eller gje gjesteelevgaranti til andre fylkeskommunar for søkjarar til tilbod som ikkje fins i eige fylke.

Søkjarar busette i enkelte grenseområde med andre fylke vert behandla i høve til eigne avtalar mellom fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen kan gje gjesteelevgaranti for søkjarar til andre fylkeskommunar etter ei individuell vurdering dersom det er tungtvegande grunnar for dette. I særskilte høve kan fylkesrådmannen søkje om å kjøpe elevplass i andre fylkeskommunar.

#### **§3 Inntak til Vg1**

Søkjar må prioritere tre utdanningsprogram ved innsøking til Vg1. Innanfor kvart utdanningsprogram kan det prioriterast inntil seks skular.

Inntaket vert gjort på bakgrunn av poengsum (karakterpoeng) basert på karakterar frå grunnskulen.

Dersom søkjar ikkje har nok karakterpoeng til å kome inn på nokon ønskja sine vil søkjar få tilbod om plass ved andre skular som tilbyr dei prioriterte programma ved siste inntaksomgang før skulestart.

Søkjar som ikkje fører opp tre ulike utdanningsprogram kan bli plassert på med ledig kapasitet ved siste inntaksomgang før skulestart.

Etter at fulltidselevar er tatt inn til vidaregåande opplæring kan fylkesrådmannen ta inn deltidselevar.

#### **§4 Inntak til Vg2 og Vg3**

Søkjar kan prioritere inntil tre programområde som han/ho er kvalifisert til ved innsøking til Vg2 eller Vg3. Innanfor kvart programområde prioriterast inntil seks skular.

Inntaket vert gjort på bakgrunn av ein poengsum (karakterpoeng) basert på karakterar. Ved innsøking til Vg2 vert karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 vert karakterar frå Vg2 lagt til grunn.

Dersom søkjar ikkje har tilstrekkelege karakterpoeng til å kome inn på prioriterte programområde og skular, vil søkjar bli vurdert til andre programområde som han/ho er kvalifisert til, men som ikkje er prioritert i søknaden.

#### **§ 5 Inntak til Vg3 studiespesialiserande programområde**

Søkjar til Vg3 studiespesialiserande programområde har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom han/ho har kompetanse frå Vg2 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år, og at den skulen der han/ho har fullført Vg2 på er første prioritet.

#### **§ 6 Inntak til Vg1 musikk, dans/drama**

Inntil 50% av søkjarane kan takast inn på grunnlag av ein ferdigheitsprøve (inntaksprøve) i tillegg til karakterpoeng.

Det er berre søkjarar som har sett opp Vg1 musikk, dans/drama som sitt første ønskje som kan framstilla seg til ein ferdigheitsprøve.

#### **Merknader:**

Ferdigheitsprøven blir holdt i den fordjupning, og ved den skulen som er satt opp som første ønskje.

Rektor kan tildele ekstra poeng basert på ferdighetsprøven etter gjeldande retningslinjer i det fylkeskommunale inntaksreglementet.

#### **§ 7 Inntak til Vg1 idrettsfag**

Inntil 50% av søkjarane som har Idrettsfag som ønskje 1 kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriteriar) i tillegg til karakterpoeng. .

Søkjarar som ønskjer tilleggspoeng må sende inn dokumentasjon frå idrettskrets som bekreftar forholdet. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som 1. skuleønskje.

#### **Merknader:**

Rektor kan tildele tilleggspoeng til inntak, etter gjeldande retningslinjer i det fylkeskommunale inntaksreglementet.

### **§8 Inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod**

Søkjara til landslinjer og landsdekkande tilbod skal registrere søknaden i heimfylket. Søkjara frå heile landet konkurrerer likt ved inntak til landslinjer og landsdekkande tilbod. Inntaket skjer på grunnlag av karakterpoeng frå kometansegejvande Vg1/Vg2.

### **§ 9 Inntak av elevar med rett til spesialundervisning og som har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne**

Fylkesrådmannen avgjer om det føreligg tungtvegande grunnar for at ein søkjar som oppfyller vilkåra i forskrift til opplæringslova § 6-17 bør takast inn til ein bestemt skule, sjølv om søkjaren ikkje har tilstrekkelege karakterpoeng til å kome inn på skulen.

Søkjaren har ikkje rett til inntak på ein bestemt skule.

### **§ 10 Utvekslingselevar som søker seg inn til Vg3**

Søkjar med opplæringsrett og som er elev ved ein skule i utlandet vert prioritert etter søkjarar som har fullført og bestått Vg2 som fulltidselev ved den prioriterte skulen.

Dersom det er fleire søkjarar enn tal ledige plassar ved den aktuelle skule konkurrerer elevane på bakgrunn av karakterpoeng frå Vg1.

#### **Merknader:**

Godkjenning av skuleår (Vg2) i utlandet for inntak til Vg3 skal gjerast av den skulen der eleven gjekk Vg1.

### **§ 11 Endre status frå å vere fulltidselev til deltidselev**

Fylkesrådmannen avgjer om ein søknad frå ein fulltidselev om å bli deltidselev skal innvilgast. Søknad kan berre innvilgast når det føreligg dokumenterte tungtvegande grunnar.

### **§ 12 Inntak av deltidselevar til Vg2/Vg3**

Elevar som ikkje oppfyller vilkåra i §6-28 eller §6-37 kan i særlege tilfelle likevel takast inn som deltidselev.

Det er fylkesrådmannen som tek inn deltidselevar i samband med inntak av elevar.

Inntak av deltidselevar skjer etter at fulltidselevar er tekne inn.

Deltidselevar med ungdomsrett vil bli tatt inn før deltidselevar utan ungdomsrett. Ved ledige plassar vil også elevar utan rett kunna bli tatt inn.

### **§ 13 Søknadsfrist**

Søknadsfristen er 1. februar for søkjarar som fell inn under forskrift til opplæringslova § 6–8, 1. ledd, og 1. mars for elevar som søker seg inn i det ordinære opptaket, jf. forskrift til opplæringslova § 6–8, 2. ledd.

Søknader frå søkjarar med opplæringsrett som vert mottekne etter søknadsfrist vil berre bli behandla i den utstrekning det er mogleg, jf. forskrift til opplæringslova § 6–8, 4. ledd. Det er fylkesrådmannen som avgjer dette.

I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandla søknaden vil søknaden bli avvist og melding sendt søker.

### **§ 14 Flytting**

For å vere med i inntaket til vidaregåande opplæring må det vere meldt flytting til Hordaland fylke innan 1. mars.

Søkjarar som flytter til Hordaland fylke etter 1. mars kan takast med i inntaket dersom det føreligg særleg grunn.

Dokumentasjon om planlagt flytting må sendast til Hordaland fylke innan 23.06.

#### **Merknader:**

For å få rett til vidaregåande opplæring i Hordaland må søker vere folkeregistert i Hordaland 1 mars i søknadsåret.

Søkjarar som flyttar saman med foreldre/føresette vert omfatta under begrepet "særlege grunnar", og søknader mottekne innan 23. juni vert teke med i 1.inntaket.

Tilsvarande gjeld for søkerar som har ein av foreldra busett i Hordaland. Dette må dokumenterast med bustadsbevis frå folkeregisteret.

Datoane er felles for dei fem fylkeskommunane i utdanningsregion Sør-Vest. (Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland, samt Sogn og Fjordane.) Ei slik samordning av reglar rundt flyttedatoar forenkler samarbeidet mellom inntakskontora i fylkeskommunane.

### **§ 15 Bruk av retten til vidaregåande opplæring**

Søkjar med lovfesta rett til vidaregåande opplæring brukar ikkje av retten dersom opplæringa utgjer 1/3 eller mindre av timetalet til eit utdanningsprogram eller eit programområde, jf. forskrift til opplæringslova § 6–4, 1. ledd.

Retten vert ikkje å sjå på som brukt dersom søkaren har slutta før 1. november.

Elevar med behov for ekstra tid for å kunne nyttiggjere seg retten sin kan i særskilte tilfelle få inntil 2 år ekstra dersom dei kan dokumentere dette, jf. forskrift til opplæringslova 3-43. Det er fylkesrådmannen som fattar vedtak om dette etter skriftleg søknad. Når elevane får vedtak om å bruke 2 år på same trinn har dei fortrinn til inntak på same skule.

## **§ 16 Frammøte første skuledag**

Elevar må møte på skulen 1. skuledag.

Dersom ein elev uteblir frå skulen 1. skoledag uten gyldig grunn mister vedkomande skuleplassen. Elevar som møter 1. skuledag, men deretter uteblir dei to neste dagane uten gyldig grunn mister plassen.

Eleven plikter ved sjukdom å gje beskjed til skulen snarast mogleg og seinest innan oppmøtetidspunkt første skuledag om at vedkomande ikkje kan møte. Forholdet må dokumenterast med legeerklæring.

### **Merknader:**

Søkjarar som har sagt ja til skuleplass, men ikkje møter for å ta imot skuleplassen, fører til at andre søkjarar ikkje kjem inn på sitt første ønskje frå skulestart. Det kan i dag ta både dagar og veker før skulen avskriv ein innteken søkjar som dei ikke får kontakt med. Dette skapar faglege utfordringar for søkjarar som vert tekne seint inn frå ventelista og ikkje har fått med seg starten av opplæringa.

Vi føresler difor at elevar som utan grunngjeving unnlet å møte til skulestart mister skuleplassen sin, slik at plassen kan gjevast til ein annan søkjar.

Gyldig grunn til seint frammøte består i at rektor er kontakta, og har godtatt grunngjevinga. Ved sjukdomsforfall har rektor anledning til å krevje legeerklæring som bekreftar forholdet.

Vi føreset at skulen gjer forsøk på å kontakta søkjar og avklara status før skuleplassen vert gitt vidare til ein søkjar på ventelista.

## **§ 17 Rektor sin rett til inntak av elevar**

Rektor har ikkje rett til å ta inn elevar så lenge fylkesrådmannen sitt inntaksarbeid ikkje er avslutta, eller at dette på annan måte er delegert.

Etter at fylkesrådmannen har avslutta inntaksarbeidet vert ansvaret for vidare inntak delegert til rektor. Rektor skal følgje ventelistene som er utarbeidd frå fylkesrådmannen fram til utgangen av august. Frå 1 september vert inntaket rekna som avslutta.

Når alle søkjarar med ungdomsrett på venteliste har fått tilbod om skuleplass kan rektor gi tilbod til søkjarar med etter følgjande prioritering:

1. Søkjarar med vaksenrett som står på venteliste
2. Søkjarar med vaksenrett som ikkje står på venteliste
3. Søkjarar med fullføringsrett som står på venteliste
4. Søkjarar med fullføringsrett som ikkje står på venteliste
5. Søkjarar utan rett som er busett i Hordaland fylke kan takast inn etter at alle søkjarar med rett til utdanning har fått tilbod, og det framleis er ledige plassar.

## **II Formidling**

### **§ 18 Søknad om formidling av læreplass**

Fristen for å søkje formidling til læreplass er 1. februar for lære kandidat og 1. mars for lærlingar, jf. forskrift til opplæringslova § 6A – 4.

Søknader til formidling om læreplass som kjem etter søknadsfristen skal behandlast manuelt så langt råd er. Fristoverskriding må begrunnast skriftleg. Det er fylkesrådmannen som behandlar søknadene.

I den utstrekning det ikkje er mogleg å behandle søknaden vil søknaden bli avvist og melding sendt søkjar.

### **§ 19 Formidling**

Alle søkjarar med opplæringsrett vert formidla etter søknadsfristen sitt utløp. Søkjarar som ikkje er kvalifisert til formidling vert tekne ut av formidlinga seinast 1. august.

Søkjarar med opplæringsrett som ikkje har fått læreplass innan 15. august skal få tilbod om Vg3 i skule innan 15. september.

### **§ 20 Bruk av retten til vidaregåande opplæring**

Bruk av rett tek utgangspunkt i forskrift til opplæringslova § 6–4, 1. ledd. Retten er brukt når 1/3 av timegrunnlaget av total opplæringstid er brukt opp.

Dersom læretida er 24 månader ser ein det slik at 1/3 del av læringa er fullført i løpet av 6 månader. Desse 6 månadene behøver ikkje vere samanhengande i ei bedrift.

Ved andre opplæringsløp skal læretida reknast ut individuelt.

### **III Felles bestemmelser**

#### **§ 21 Mindre endringar i forskrifta**

Fylkesrådmannen har rett til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.

Dersom endringane er av ein slik art at dei påverkar elevane sine moglegheiter for inntak til bestemte tilbod skal imidlertid endringane behandlast politisk.